

Ei ferd i Bjåstad sine hagar



Andreas Bjåstad (lengst til h.) takkar medhjelparane etter at det heile var over. Vi ser frå v.: Leiv Arne Nydal, Rune Ertesvåg, Ståle Helvig, Øystein Djupvik, Tina Brandal og Merete Brandal Godø. Bertil Tødenes var også med - på slagverk - i tillegg til Ulstein kyrkjeorkester.

Det opna med ein prisløna bryllaupssalme og vart avslutta med ein prisløna nattverdssalme i kyrje-kabareten "Vår ferd i dine hagar" i Ulstein kyrkje. Femten songar, alle med Andreas Bjåstad som forfatar, vart framførde for eit lydhørt publikum.

LEIV ARNE GRIMSTAD

Det er alltid både spennande og interessant når lokale kunstnarar prøver ut arbeida sine for eit publikum. Når hareidsdølingen Bjåstad denne gongen valde

Ulstein kyrkje som arena, var det nok fordi han her hadde eit kyrkjeorkester å stø seg til - og ikkje minst fordi kantoren i Ulstein, og dirigenten for dette koret - Ståle Helvig - har arrangert alle songane for kor og orkester.

Eit stort pluss for kabareten var det at Andreas Bjåstad sjølv er ein så poengtert, tydeleg og tillitsvekkande opplesar. Det var faktisk vel så mykje andakt i dei samanbindande tekstane som i songane. Ulstein kyrkjeorkester deltok på ein del songar, men ikkje veldig mange. Det var først og fremst systrene Merete Brandal Godø og Tina Brandal som gav Bjåstad-songane vingar å reise med. I tillegg fargela Leiv Arne Nydal (fele), Rune Ertesvåg (el-gitar), Øystein Djupvik (kontrabass) og slagverkaren Bertil Tødenes det heile på ein fin måte.

Det kan kome på tale med ein gentakingskonsert i Hareid kyrkje utpå nyåret, noko både dei som ikkje fekk med seg denne konserten og dei som gjerne vil repetere alle ny-inntrykka må helse med glede.

Det heile opna med Andreas Bjåstad og Odd Goksøyr (tone) sin prislønte bryllaupssalme "Å, måtte denne dagen føde dagar" - og deretter kom songane på rekke og rad.

Bjåstad sine tekstar held seg i eit landskap der heimlege utsyn blandar seg i ei religiøs grunnstemning. Det er mykje naturlengt, menneskevarme og kristent drag i dei.

For underskrivne vart kveldens høgdepunkt songen "Godt at du er til" - ein av tre tonar som ikkje

hadde lokal tilknytning. "Godt at du er til" nyttar ein spenstig og lett songbar folketone frå Nordfjordeid. Ulstein kyrkjeorkester var med på denne - og Bjåstad sa også litt om bakgrunnen for songen: "Vi lever i spennet mellom å elske og bli elska". "Godt at du er til" er enkel, men det er noko med formelen Bjåstad nyttar i versa som er svært vellykka. Der er ein fin repetisjon og ein enkel varme.

Som det står i 1. vers:

Å, for glede å få høyre
det bli kvikra i mitt øyre,
det er godt at du er til,
for når alle ansikt teier
skin det sol når nokon seier
det er godt at du er til.

Avslutningsnummeret "Fem raude roser" var også eit ikje

uventu høgdepunkt. Også her har Bjåstad teke i bruk ein formel som tydeleg-gjer innhaldet. I tillegg er Anita Winsjansen Lillebø sin melodi ein liten skatt.

Det var også flott å høyre Merete Brandal si tolking av songen "Forteljaren", eit tidleg nummer i konserten.

Nokre av songane var ting vi kjenner frå den CD-en Bjåstad gav ut for ein del år sidan, mykje av det framført i ein lett jazzifisert stil.

Bjåstad viste også fram ei flott omsetjing av den irske folketonen "Danny boy" - og her song publikum verkeleg med.

Noko som tok publikum var Andreas Bjåstad si forteljing om sine personlege høgdepunkt og lågpunkt i livet. Høgdepunktet var utan tvil den gongen - ikkje for så lenge sidan - han vart bestefar for første gong - "førstegongsbestefar", som han sa. Den vesle jenta som no trippar rundt i Bjåstad-tunet heiter Anna - garantert etter mormor Anna Bjåstad. I denne songen - "Kven er du vesle jente?" - skildrar Andreas livsgleda frå den tidlege morgonen då han får høyre "at du kanskje er på veg" - og vidare i songen heiter det bl. a.:

Her står det mat og seng og ventar
og ei glede i min barm,
no går eg ut ein tur og hentar
litt meir ved så du blir varm ...

Lågpunktet kom då Andreas vart farlaus, og hendinga sat så djupt i han at han først for to år sidan greidde å skrive om det - i diktet "Vegen". Andreas var berre 14 år den gongen han såg faren i gyngestolen for siste gong:

Ein tidleg sommarmorgon,
før sola viste seg,
då måtte du av garde,
då hasta du i veg.
Var dette siste reisa,
dei aller siste steg?
For ingen visste vegen,
og minst av alle eg.

Vår ferd i dine hagar	Stig inn, mel. Odd Goksøyr.
Ulstein kyrkje - 181 betalande.	Ventetid, mel. Anita Winsjansen Lillebø.
(Alle tekstar: Andreas Bjåstad - alle arr.: Ståle Helvig)	Godt at du er til, folketone frå Nordfjordeid.
HØGDEPUNKT: "Godt at du er til"	Danny boy, irsk trad. Vegen, mel. Odd Goksøyr. Rose i is, mel. Anita Winsjansen Lillebø. Fem raude roser, mel. Anita Winsjansen Lillebø.
Bryllaupssalme, mel. Odd Goksøyr.	Songsolistar: Tina Brandal, Merete Brandal Godø + Greta Håkonsholm på ein av Ulstein kyrkjeorkester sine innslag.
Forteljaren, mel. Odd Goksøyr.	Orkester: Ståle Helvig, tangentar - Rune Ertesvåg, gitar - Bertil Tødenes, perkusjon - Øystein Djupvik, kontrabass - Leiv Arne Nydal, fiolin.
Høysong, folketone frå Kvæfjord.	Samanbindande tekstar: Andreas Bjåstad.
Kven er du, mel. Andreas Bjåstad.	Kor- og orkesterleiing: Ståle Helvig.
Oppdraget, mel. Anita Winsjansen Lillebø.	Arrangørar: Ulstein kyrkjeorkester og Ulstein sokn.
Dåpssalme, mel. Odd Goksøyr.	Lys og lyd: Jarle Kristiansen.
Draum, mel. Andreas Bjåstad.	
Andedraget, mel. Hildegunn Opstad.	

Velkommen til kurs med BDO Noraudit

Praktisk Årsavslutningskurs i Ulsteinvik

BDO Noraudit Ulsteinvik AS og BDO Noraudit Thomes Revisjon inviterer til praktisk årsavslutningskurs:
Torsdag 4. desember 2008 kl. 09:00-16.00
på Quality Hotel Ulstein, Ulsteinvik

- Nyheter innenfor skatt og merverdiavgift
- Utfordringer med bokføringsloven
- Endringer i reglene for arveavgift

Foreleser: Svein Harald Wiik, BDO Noraudit Narvik AS
Pris: kr 1.500,- pr. pers. inkl. lunsj og kursdokumentasjon
Påmeldingsfrist: Snarest og senest 28. november 2008.
Påmelding til: ulsteinvik@bdonoraudit.no

For mer informasjon besøk oss på www.bdonoraudit.no

BDO Noraudit Ulsteinvik AS
Nesevegen 3, Boks 93, 6067 Ulsteinvik
Tlf.: 70 01 81 81, Fax.: 70 01 81 91



BDO Noraudit
- sikrer og skaper verdier